



Trusopplæringa i Førde, Holsen og Haukedalen

Førde, 19. mai 2021

Hei!

Du får dette brevet fordi du er medlem i Den norske kyrkja.
Vi vil no ynskje deg velkomen til å bli konfirmant i Førde, Holsen eller Haukedalen kyrkjer.

Vedlagt finn du ei brosjyre for konfirmantåret. Der står det meste av informasjon om opplegget vårt i Førde. (Her kan det bli endringar i datoar og/eller gjennomføring pga. korona.) Det er viktig at du les informasjonen saman med din(e) føresett(e).

Når du vil melde deg på konfirmantåret, må du gå inn på minkirkeside.no/Sunnfjord (Meir informasjon står i brosjyren.) Om du ikkje har høve til å melde deg på elektronisk må du ta kontakt med underteikna for å få eit skjema på papir.

Vi ynskjer at du kjem på konfirmantsamtale. Det vert først ein felles informasjonsdel for alle, deretter vert det ein individuell samtale med kvar enkelt konfirmant og ein føresett. Sjå under for tidspunkt. (Merk at om du eller føresett har luftvegsinfeksjon skal du ikkje møte opp. Ta då kontakt med kyrkjekontoret for ny avtale.)

Grunna koronarestriksjonar, må vi dele klassane i to grupper.

Gruppe 1 har etternamn frå A-O. Gruppe 2 har etternamn frå P-Å.

7. juni kl. 16:30 - Fusk 9A gruppe 1. kl. 17:30 - Fusk 9A gruppe 2.
 kl. 18:30 - Fusk 9B gruppe 1. kl. 19:30 - Fusk 9B gruppe 2.

8. juni kl. 16:30 - Fusk 9C gruppe 1. kl. 17:30 - Fusk 9C gruppe 2.
 kl. 18:30 - Fusk 9D gruppe 1. kl. 19:30 - Fusk 9D gruppe 2.

9. juni kl. 16:30 - Husk 9A gruppe 1. kl. 17:30 - Husk 9A gruppe 2.
 kl. 18:30 - Husk 9B gruppe 1. kl. 19:30 - Husk 9B gruppe 2.

10. juni kl. 16:30 - Husk 9C gruppe 1. kl. 17:30 - Husk 9C gruppe 2.
 kl. 18:30 - Husk 9D gruppe 1. kl. 19:30 - Husk 9D gruppe 2.

Om dag/tid ikkje passar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

Vi har ei Facebookgruppe der vi ynskjer at føresette og konfirmantar melder seg inn:
2022 Konfirmant i Førde, Holsen og Haukedalen kyrkjer.

Velkomen som konfirmant i kyrkjene våre.

Med venleg helsing

Heidi V. Styve
-Kateket-

